Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 85.

Tilleggsspørsmålnr. —

Emne: Tradisjoner, tro og segner omkr. jakt og jaktdyr.

Oppskr. av: Anne K. Askland.

(adresse): Gjövdal på.

Fylke: Aust-Agder

Herad: Åmli

Bygdelag: Gjövdal

Gard: Askland.

G.nr. 20 Br.nr. 10

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Dei gamle hadde uskrevne lovar.
Ingen skulle drepe meir matnyttig vilt
en dei hadde bruk for.
Og ikkje drepe sovande dyr — før dit
kvende seg.
2. Ei saum soge kan illustrere dit.
Min tippoldefar Tjslak Svendsen
Tovilaud-Askland f. 1744 cop. 2/6-1772
død 1774. hadde hesten sin gåande
på heia i håbalen. Men ein dag
sende han tenestguten av etter
hesten. Guten kom heim att einsmall
og i rædsle — for bjørnen hadde so
vidt fått drept hesten, og gjekk
og krafsa og heldt måltid på den.
Tippoldefar syntes dette var ille,
og spurde kvifor han i alle fall ikkje
kunne få med seg skinnet av hesten.
„Du er ein stor stakkare", sa han —
og hogg ned ein god raunbjørke
skurtt gjordet, og ha på heia.
Då han kom dit hesten var,
låg bjørnen og sov — middag.
Tjslak lista seg innpå, og slo
bjørnen i hel — flådde hesten

16373

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING



av hesten og tok huda med heim.
Men dei gamle reiste på hovudet
yver slik framferd – for „Godfa grågull"
måtte ikkje slåast med sovaredi –
han var nesten som eit menneske,
og det måtte ålag Kaengo til.
Det er 8 mil til byen, og tieren
tok gjerne ei veke og fore på heste-
ryggen. Aslak hadde fått seg ny
hest, og var til Arendal. Der dei
loserad var ei spåkone, og ho spådde
Aslak at han måtte få ein mann
til å fylgje seg heim – for det kom
til å stå om livet. Folk som høyrde
på, fekk tålt han til og lige ein
mann med seg. Det gjekk fint
heimyver, og då han kom inn i
Gjøvdal (til Huenmo) sa han til fylgje-
mannen at han kunne snu,
for no bles han i alle spåkonor.
Sidan for han ei ½ mils veg opp
til Olaeid. Truleg hadde dei smaka
på ankeren då han skildest med
fylgjesmannen – og so vart det
spandas på Olaeid. Ein mann
som heitte Gunnar, krangla seg
inn på Aslak – og „tvilanden" som
var kjempe, tok og jula hin opp.
Då Aslak reiste vidare – såg folk
på Olaeid at Gunnar reiste etter
med eit dratte (skåk) på herda.
Komen straks nordanfor garden
slo han Aslak ned – bakanfrå.
Detta var ein laurdag. Dett var
messesundag dagen etterpå, og ei
gamall bygdekjerring var tidleg
på kyrkjeveg. Ho fann Aslak

16373

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING





liggande på marka – i helslegen.
Og hesten stod inn med. Sidan
vart han køyrd heim. Birgit, kona
hans stod kyrkjekledd, då dei kom
med han, og ho seig i ørvet.
Dei gamle siste etter på hovuda –
og meinte straffa hadde råka hardt.
Gunnar, mordaren fekk dei ingenting
på – fordi ingen hadde sett udåden.
Men han atte ikkje ro og fred – og det
gjekk til atters økonomisk, so sist på
gjekk han i kring å båd seg. Ein
dag kom han også til Asklaud – til enka
etter Aslak, og bad om mat. Ja, sa
Birgit – mat skal du få, enda du var
ikkje verd det. – for det var du som
drap mannen min. Ja, du lekte,
og slo for hardt – svara Gunnar.
Etter han hadde bekjendt kom
han burt – dei meinte han
hadde rømt. Men mange år dra
etter, skulle dei rive eit gamalt
hus på Harstveit – då fann dei
eit skilett – som dei meinte
var etter Gunnar. Dei trudde han
hadde kjendt seg klein – kome til
bygda – smoge seg inn i skuret
og funne sin død der.
Soleis endar soga.

3. Sundags greide var måndags
eigreide. Eg har 6 brør – og eg hugsar
inderleg vel, at dei fekk ikkje
love å jakta om sundagen.
Sume gjorde det nok, men det
vart sett ille på.

4. Regler ang. skadeskotne dyr
kjenner vi ikkje til; men folk

16373

gjorde det dei kunne for å få avlîva slike.

5.6. Forsiktighetsreglar og varsler var dei nok vare om, når dei skulle på jakt; men dei e gløymde.

7. Skyttaren hadde rett til dyret - for her var nok og ta av.

8. Vi veit ikkje av forbod mot å ete kjöt eller visse delar av bestemte dyr.

9. Og ingen har höyrt at dei skar tegnet av björnen.

10. Ift dei brûka björneheilna til trolldom - er også ukjendt.

Men alle visste at björnen var vill etter kvinnor som gjekk med barn - Hadde slik ei kvildt på vegen til stöls, kunne dei vera sikker på at björnen kom der å leita.

11 Avskorne björnelabbar, veit vi ikkje kva dei brûka til.

12 Ikkje ulvetennar heller.

13. Ift björnen kunne vera sniel e det döme på. Targjerd Sårgard-Asklaud fødd 31-5-1826. var i Ramtoa og gjætte. So kom björnen og tok eit lam. Targjerd sprang til og tok i lammet la seg på kne og sa: „Gode gofa gå i frå meg."" - og Gofa gjekk. Eg har også höyrt om ein mann som heldt på å frysa i hel; men fekk ligge hjå björnen i hiet - og såleis berga livet.

Men etter på somla mannen folk til å gjera det av med björnen. Eg hugsar det ikkje so nöje; men eg veit at björnen plukka ut

16373

senge Kommeraten sin – og gjorde det av med han, fyrr han sjølv måtte i bakken.

Tolf Hillestad i Sovdal f. 1775- cop. 1801. d. 1830. hadde ein „maurtasse" (godliande bjørn) rusla..nde på garden. Om vinteren låg han på Stabburet i halm-stade. Når geitene var ute i tunet å beitte var det ei som var so fal til å terge bjørnen. So snart ho hadde høve, var ho i halmen hans og nappa. Men det fyrste bjørnen gjorde då han gjekk or halmen – var å slå labben i akkurat den sete kroken.

14. Dei hua og skreik mot rovdyra, og gjorde opp stokkeld

15. Vi kjenner ikkje til at plantedelar, ell' mjølk – kunne beskytte.

16. Det e ikkje kjendt at den som fekk auga på rovdyret – fyrr dette var var' vedkommande, hadde yvertaket. (Men ei god hjelp var det sikkert.)

17. Vi kjenner ikkje til medisin dei gav kräftera – som verna mot rovdyr.

19. Ingen veit noko om stengsler av reip – for å halda udyra vekk. Men dei hadde geitene i hvier haga av høge tette plankegjerde.

20. Dei fann sikkert på noko galdr for å verna buskapen, men det e gløymt.

21. Fe bønner e ikkje kjendt.

22 Vi kjenner ikkje råd mot rovdyr, på svartebøker.

23. Eg minnes å ha høyrt at det var folk som kunne skada buskap og hestar.

24. Folk som kunne „binde" klumse bjørnen – veit vi ikkje av. Men det

16373

er kjendt at dei bandt vafsen – mennesskje og kvile jordferda, slik at den måtte sløyrast.

25. Truleg var det også nokone som kunne skjemme båsa – for dei kunne døyve Øksa i kvartfall.

28. Vi kjenner ikkje til sikre kulor – av sylvknappar o.a.

29.

Den siste bjørnen vart skoten i Gjøvdal ein aprildag 1906.
Det var sett nye bjørnespor på Sandland. Dei beste jegerane vart varsla – og so vart det og fylgja spora opp Rukkedalen. Her hadde bjørnen skremt ein elgokse – som den elta. Spora gjekk mot Rukkevatn.
Her kunne dei sjå korleis bjørnen fleire gongar hadde kome opp på sida av elgen og og ville kaste seg på denne. Men elgen hadde alltid greidd og skvette undan.
Føret var elendig for både folk og dyr. Bjørnen hadde fleire gongar måtta kvilt etter vatnet – og elgen kom seg undan. Fleire av jegerane reiste heim. Men 3. av dei ivrigaste fylgde inn i Bastordalen mot Setesdal. Spora syntes og gå mot eit solfjell langt innpå sidda.
Og av erfaring visste jegerane at bjørnen søkte slike – for å finne mat. So skulle 2. ta ein lang omveg og koma opp på fjellet frå baksida og postere i ei ton. Og ein skulle drive nedanfrå. Det var Tellef Olaus, ein kjend skyttar.

16373

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING



Han gådde björnen i lia – og skaut med Dobbeltlöpa rifle.
Reg let K. Ingv. Andersen fortelje vidare:
„Slik bæring og beljing har jeg aldri hört – det tjomet fra fjell til fjell – og lia syntes full av björn. Jeg hadde hördt om börsa da denne konserten fortsatte like mot der jeg stod post. Björnen var skadeskutt og fortsatte opp tona – med Tellef springende etter langs fjellristen. Herfra fikk han sendt eit skudd med hagelöpet – og idialkulen knekte ryggraden. Björnen var bare 30–40 m. fra meg, og da jeg sprang ned på kloss hold måtte jeg stanse eit öyeblikk og se på den. Noe so rasende har jeg aldri sett för. Den var lemret so den bare sat på baken, men med labbene rev den opp mose og jord so spruten stod. Vistetenner mot meg – og brölte av en annen verden.
Eit skudd fra Savageriflen sendte den til de evige jaktmarker." („Agderposten" 1950.)

Dette var ein stor hannbjörn. Og jakta tok 5–6 dage innan dei hadde björnen heime.
Dei 3 som tok björnen i Solfjellet var: Tellef Olaus, {Nils Bertorsen? eller Somland? " Nilsen} og K. Ingv. Andersen. helst den siste. I Agderposten stod bare Nils.

Noko sårleg plage av rovdyr under siste verdenskrig – var det ikkje tale om. Vi hadde fair saksr som varf vel brukt.
Og ein fetter av meg Aslak H.

16373

Horstveit tok ein skogsmår med bare hendane. Han fann den i eit holt tre. Hadde ikkje bryrse Tetta att eit hol og pirra måren med ein pinne i ein annan opning i treet. Dyret stakk hovudet ut – og der med greip Aslak til med hi handa – og kverkte dyret.
Ei örn Aslak kom yver – fekk ikkje letta so fort på marka anna Aslak fekk av jakka og kasta den yver henne.
So greip han tak – og kverkte også den. So det er mange småfar – og broge seg på.
Og noko nytt ienn seg i dag trur eg ikkje vi merkar.
Det måtte vere vill mink. Elles blir dei haldne nede rovdyra. Men minken er noko nytt – og dei er vel snautt klar over kor stor skade den gjer.

Gjövdal 23/5 - 1961.

Anne K. Aaklaett.
(husmor) f. 2/3-1905.

16373